



## Møt tre konfirmantar

Nokre av årets konfirmantar har vore på tur. Møt tre av dei.

Side 7



## Ei helsing

Ei helsing frå frivillighetskoordinator.

Side 4



## Vinn ein Oselvar!

Bli med i båtlotteri.

Side 14

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

#### REDAKSJON:

Linda Ekerhovd og kyrkjestaben.

#### ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

#### UTGJEVAR:

Os sokneråd

#### ANSVARLEG REDAKTØR:

Linda Ekerhovd

#### LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebø

#### FORSIDEFOTO:

Foto av Sergey Shmidt, Unsplash.com

#### TRYKK:

Molvik Grafisk

#### OPPLAG:

8.800 stk

#### OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

#### LEIAR:

Bente Brøvig Strømme

#### OS KYRKJE:

Tlf. 56 57 24 00

#### KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

#### YNSKJER DU Å ANNONSERE I KYRKJEBLADET?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller

e-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

#### BLADKONTIGENT

Kr 200 pr.år / kr 250,- for utanbygds

Bankgiro: 3201.53.26254

Postboks 209, 5209 Os

Vipps: 20250 merk "bladpenga"

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

LEIAR



# Våren kjem!

I skrivande stund skinn sola gjennom vindauget på kontoret og temperaturen kryp oppover gradestokken. Denne kjensla har vi hatt fleire gongar dei siste dagane, men samstundes har ikkje vinteren tenkt å gje seg så lett. Seinast i går var eg ute og gjekk tur på ski i den snødekte fjellheimen. Våren verka plutselig vera langt unna.

## Bjarte Leithaug fangar det flott i diktet «Ein fin dag»:

*Ein fin dag i mars såg eg snøklukka stå  
med bjeller så kvite og fine  
då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår  
og kasta bort dei gamle skia mine  
men vinteren, ja vinteren den kalde  
kvite vinteren var enno like kald*

*Ein fin dag i april såg eg seljetre stå  
med gåsungar mjuke og fine  
då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår  
og kasta av dei varme kleda mine.  
men vinteren ja vinteren den kalde  
kvite vinteren var enno like kald.*

*Ein fin dag i mai såg eg løvetann stå  
med gullkroner lyse og fine.  
då tenkte eg, då visste eg at no var det vår  
og kasta alle sorgene mine  
for vinteren ja vinteren den kalde  
kvite vinteren var ikkje meir å sjå.*

Sjølv om vinteren ikkje gjer seg med det første, er det ein ting vi kan vere heilt sikre på: Våren kjem!

Snøen og isen vil smelte, graset kjem fram, fargane kjem tilbake på planter og trær, og trekkfuglane kjem tilbake. Vi kan vere heilt sikre på at våren kjem og at våren vil vinna over vinteren. Sjølv om det ser ut som kong vinter nokon gonger har overtaket.

La oss inspirerast av teikna i naturen i truslivet vårt: Påska har igjen minna oss om at lyset har overvunne mørke og håpet har overvunne døden. La oss òg inspirerast av våren som er i kjømda, i liva våre i dag: La håpet om at vi kjem oss igjennom den tida vi er i no, vera like sterkt som håpet og trua på at våren vil koma.

«Han som sit på trona, sa: «Sjå, eg gjer alle ting nye!» Johannes' openberring 21:5

**Med ønskje om ein lys og varm vår,**

**Linda Ekerhovd**

DAGLEG LEIAR I OS SOKN







# Høgtider i kyrkjeåret

Dei tre store høgtidene i kyrkja er som kjent jul, påske og pinse. No har vi nettopp lagt bak oss påskehøgtida – og vi er inne i den kvite festtida, påsketida, som varer i 49 dagar fram til pinse. På den 50. dagen etter påske tek pinsa til (pinse: pentekoste (gr.) = den femtiande [dagen]).

## Kristi Himmelfartsdag/ Helgetorsdag

Inne i festtida mellom påske og pinse markerer vi Kristi Himmelfartsdag. Dagen har også blitt kalla Helgetorsdag, den heilage torsdagen. Denne dagen markerer vi at den oppstadne og levande Kristus forlet læresveinane og vender attende til sin Far. «..før opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader..».

Kva som skjedde dag for dag, og kor lang tid det gjekk i den jublande og forvirra tida etter påskedag, er ikkje evangelistane heilt samde i – forståeleg nok. Men dei er samde i at den oppstadne Jesus møtte dei mange gonger, snakka med dei, let dei få kjenne at han var fysisk – og samtidig på merkeleg vis vart borte igjen. Så fortalte han at han måtte forlate dei, men at han ikkje skulle la dei «vera att som foreldreause born» (Joh 14,18). Læresveinane skulle vente i Jerusalem til dei blei «kledde med kraft frå det høge» (Lukas 24, 49) slik Far hadde lova. Så «vart han lyft opp medan dei såg på, og ei sky tok han bort for auga deira»

skriv Lukas i Apostelgjerningane 1, 9. Dette skjedde 40 dagar etter påske seier Lukas, difor blir Helgetorsdagen feira 40 dagar etter påske.

## Pinse

10 dagar seinare skjedde det den Oppstadne hadde lova:

*Då pinsedagen kom, var dei alle samla. 2 Brått kom det eit brus frå himmelen, som når ein sterk vind fer fram, og det fylte heile huset dei sat i. 3 Dei fekk sjå tunger liksom av eld, som skilde seg og sette seg på kvar ein av dei. 4 Då vart dei alle fylte av Den Heilage Ande, og dei tok til å tala på andre tungemål etter som Anden gav dei å forkynna. (Apostelgj. 2)*

50 dagar etter påske feira jødane pinsehøgtida si, ein gammal grødefest. Det gjorde også læresveinane, då pinsevindane tok til å blåse. Slik den kristne påska blei til under feiring av den jødiske påska, slik blei den kristne pinsa til under feiringa av den jødiske pinsehøgtida.

Læresveinane forstod at den oppstadne Jesus Kristus no kom tilbake til si kyrkje gjennom Anden, slik han hadde sagt (kyrkje: *kyriaké* (gr.) = 'som høyrer Herren til'). Kyrkja stod no fram som ei levande og evangeliserande kyrkje med Herren som drivkraft og hovud for fellesskapet og for den enkelte.

«Tunger liksom av eld sette seg på dei..» – tunge kan på gresk og latin som på norsk også bety språk - og vi les at dei tala mange språk slik at tilhøyrarar frå mange land forstod kva dei sa: Kristus samlar no den verda som ved Babel vart spreidd.

«Eit brus som når ein sterk vind fer fram»: Både på gresk, latin og hebraisk kan ordet ande/ånd også bety pust og luft. Ande er liv, og slik Gud pusta liv i mennesket i skapingsforteljinga (1 Mos 2, 7) pustar Han no ved Kristus og gjennom Anden det nye livet inn i den nye skapningen – her og no!

## God pinse!

Svante Havåg

## «Strikk til tunet» startar no sal av lodd

**«Strikk til Tunet» er no i gang med å skaffa økonomisk støtte til nedbetaling av gjelda til Tunet. Til vanleg skjer dette ved den årlege basaren.**

I år er både Tunet og basaren råka av koronapandemien. For Tunet er dette dramatisk med sviktande inntekter

til å dekke kostnadane. Den årlege «Strikk-basaren» kan heller ikkje gjennomførast. No vil me i «Strikk» sette i gong sal av loddbøker. I år, som i tidlegare år, loddar Strikkdamene ut mange fine gevinstar.

Men denne gongen treng me di hjelp til å kjøpe lodd og evt. selje loddbøker.

Trekninga vil finne stad 2. juni. Dersom du kan tenkje deg å kjøpe lodd eller selje lodd, ta kontakt med Hilde Marie Skjælaaen på telefon eller epost:  
• Tlf. 97010093  
• hilde.skjælaaen@gmail.com.

**Helsing Randi S. Drange  
for «Strikk til Tunet».**



# Tilbakeblikk på anleisåret

Det frivillige engasjementet fanna breidt. Det var full fart fram til 12. mars 2020, dagen då vart heile landet vart nedstengd.

Tekst: Inger-Johanne Haugland

Vi måtte avlyse alle aktivitetane den dagen, men ante ikkje at dette vart starten på lange tider med nedstenging og restriksjonar. I kyrkjene vart gudsteneste forbode i lange periodar, berre gravferd og dåpsgudsteneste var lov å halde, men då med få deltakarar.

Mange, ja nær 200 frivillige i kyrkjelyden opplevde frå 12. mars 2020 å ikkje kunne få bidra slik dei pleidde, på grunn av pandemien.

Mange måtte reservere seg på grunn av sårbarheit for Covid-19 mens andre kunne bidra som frivillig medhjelpar når vi ved enkelte høve fekk løyve til å feire gudsteneste. 17. mai-gudstenesta og nokre få gudstenester vart feira sommaren 2020, slik at sokneprest Margrethe H Askeland og kateket Hildur L Lillestøl vart takka av i juni, og Roar H Evjedal vart innsett som sokneprest i august. Soknerådet ordna då med kaffi og «Kvit dame» i Storsalen etter gudstenestene.

- Gjennom året gjorde 40 frivillige medhjelparar teneste ved gudstenester i Os, og 16 i Nore Neset.
- 37 frivillige var i sving i trusopplæringa 1-12 år, her iblant eit Laurdagssprell, barnesamlingar, Familiekorset Shubadubs, TUNET barnekor, TweenSing.
- 17 frivillige i Ungdomsarbeidet Join Us, Ungdomstunet og Ungdoms-KRIK.
- 10 frivillige bidrog i konfirmantarbeidet.



## Diakoni

- Diakoniutvalet har 4 frivillige. Dei held i tråane til eit stort og viktig arbeid;
- Rundt 50 frivillige bidrog med i arbeid som Språkkafe, Leksehjelp, Sorggruppe, Sorgsamling, Allehelgensgudstenesta, Fasteaksjonen, filmminnspelningar, fisketurar, og ikkje minst utdelinga av julematen som vart donert tett oppunder julaftan, og tillaging og gjennomføring av romjulsmiddagen. Svært gledeleg at både Meny, og Hamnesjefen stilte med pinnekjøtt.
- 36 frivillige i Senior-Koinonia, Eldretreff, TITT.

## Anna

- 16 frivillige deltok ved Julemessa, i tillegg til alle som selde lodd. 200 loddbøker vart selde!
- 44 i komité og utvalsarbeid, her under soknerådet med alle utvala og musikkutvalet, komiteane for TITT og Julemessa. Sjølv om det ikkje var store samlingar vart møter halde på teams, saker vart vurderte og vedtak vart gjort.
- 10 frivillige bidrog i den nyoppretta Mediegruppa. Styret vart danna med 4 personar pluss ein frå stab.

Når eg ser tilbake på alle aktivitetane som vart gjennomført i 2020, i sterk trass til koronaen, så er eg imponert over kor mange som bidrog.

Kyrkjelyden lever i håp om igjen å oppleve: Gudsteneste kvar søndag, kyrkjekaffi etter gudstenesta, kveldsmat på koret og på TITT, graut på Laurdagssprell og andre store arrangement, vaflar og hotdogs og graut på 17.-mai og julemessa og juleverkstad, middag på Koinonia, grillmat ved ulike sommarfestar. Før var det utruleg mange som leverte kaker, bollar, lefser, gjærbakst og vaffelrøre gjennom året. Strikka og leverte småplagg og anna nydeleg handarbeid.

La oss håpe at vi opplever dette igjen! Det skal vi! Og det må vi! For dette fellesskapet heldt kyrkjelyden samla før koronaen. Alle var det bruk for. Ja, nå får vi åndeleg føde via digitale andakter. Godt er det. Men vi skal tilbake til kvardagen!

**HJARTELEG TAKK til alle som bidrar med tid, krefter og ressursar til kyrkja sitt viktige arbeid!**

**Inger Johanne Haugland**

FRIVILLIGKOORDINATOR OS KYRKJELYD



## Minne frå Tunet - 12. mars 2020

Eg møtte på 'Fimmy' (red: Per Fimreite)\* utanfor Tunet i dag, han minnst den gang Tunet vart bygd. Han fortalde han gjekk og tenkte på kor glad han var for Tunet.

Han sjølv pantsatte heimen sin, noko fleire andre også gjorde, for å få bygd Tunet.

Fimmy hadde absolutt ville ha eit hus som kunne romme fleire møter på ein gong, ikkje ei arbeidskyrkje som berre ville kunne huse eit møte om gangen, nei.

Då kom eg på det; 12. mars 2020, dagen då Noreg vart stengd ned. Den morgonen måtte underteikna sette opp fire plakatar på døra – for det var fire arrangement den dagen.

Eg følte det rart å avlyse, eg tenkte det kanskje var å overdrive, men gjorde det likevel – og så tok eg eit bilde.

Og bildet vart plutsleg litt kjekt å ha. :)

Og – vi gler oss til vi får kvardagen tilbake! Vi veit berre ikkje når tid det skjer...

# Ei lukke å få til arrangement i denne rare tida

Alle tekstar: Inger-Johanne Haugland

Sjå for deg: Du har fått ansvaret for eit arrangement. Du veit at du treng musikk, gjerne eit band, du treng nokon som kan halde ein appell, du treng lyd-teknikarar, og i koronatid treng du folk som filme og «streame» arrangementet ut til folket via YouTube. Du reserverer lokale, tar ein telefon til ei som kjenner musikk-folk, sender ein e-post til frivilligkoordinator, diakon, kateket, set opp eit møte med dei frå staben som er involvert. Så går du og tenkjer på tema, songar/salmer innimellom dei andre arbeidsoppgåvene.

Du ventar i spenning. Passar det teknikarane? Passar det for Mediegruppa? Greier ho å samle eit band? Vil ho/han halde appell? Møtet med staben kjem og kanskje er ikkje alt på plass.. Vi får berre planlegge som om alt blir slik vi ønskjer. Og så må vi be om at ting ordnar seg.

Velsigninga kjem som oftast i rette stund. Svara kjem inn. Positive. Detaljar diskuterast. Til og med får vi dansarar med. Dette ser ut til å gå vegen. Så kjem dagen, bandet møter først, øver i

timevis. Så kjem teknikar med læregutar, så kjem Mediegruppa med tre personar og mykje utstyr. Etter kvart kjem dei frå staben også. Kokar kaffi. Og han som skal halde appell. Alle er der. Lys, lyd, musikk, song, og klokka nærmar seg start. Du, som har ansvaret, vert fylt med takksemnd. Finn ikkje ord når du skal samle alle til ei stille stund. Du får fram med tynn stemme: «Gud, pass på oss alle! Amen!»

Nå er det berre å køyre på. Alt går fint. Folk gjer det dei skal, til rett tid. Etterpå også. Dei frivillige tar med seg utstyret som er lånt, ryddar på plass kablar og husets utstyr, pakkar ned og køyrer på plass.

Nokre få som publikum, resten frivillige, det var nok.

Vi kan berre takke og takke! For alle som kom, for alt dei har tenkt på, alt det dei kan. Vi føler oss rikt velsigna. Denne gongen også. For ei lukke!



## Ei titt innom Tunet

Eg såg innom til Mediegruppa som hadde »Temakveld« i Tunet, den eine av to kveldar, rundt midten av mars, og det var spanande.

Gruppa stod samla ved to kamera med mikrofon, der Ragnar Tjøstheim (frå tv) stod for undervisning i lyssetting, og lyset vart

nemnd med eit fem-sifra tal. Arthur Håkon Botnevik sat på scenekanten med ei bok og gjorde teneste som forteljar og skodespelar.

Samtalen gjekk om lysretning, -djupne, -akse, skugge og sminke, og Arthur Håkon poserte villig som modell i undervisninga.





# Kva skjer, våren 2021

## Lørdagssprell

### 17. april:

Her vi får høyre litt om Sakeus, lage seljefløyter og klatre i tre. Oppmøte ved Nore Neset kyrkje og så går vi til bestemt stad derfrå. Vi skal vere ute, så alle må kle seg etter været. Våren kan vere varm og det er lett å kle seg for lite. Alle tar med niste som vi kan ete ute samen. Litt varmt på termosene kan vere godt for store og små.

### 29. mai:

Var familien din på LørdagsSprell den 17. april? Var det kjekt? Kom bli med på enda eit LørdagsSprell i slutten av mai. Om dokke ikkje var på forgje LørdagsSprell så er det sikkert plass til fleire på denne samlinga. Startpunktet er Nore Neset kyrkje og så er det så mange fine plassar i området som vi kan møtast på.

## Barnesamlingar i Tunet

Barnesamlingane er ein trygg og god stad for borna og vera under gudstenesta. Her får dei leike, tenne lys og høyre om Jesus på sine premisser. Her får dei høyre og oppleve at dei er verdifulle, og skapte i Guds bilde.

I Tunet opnar dørene for borna kl. 11.00, samlinga varar om lag ein time. Foreldre kan enten gå på gudsteneste (om det er det den søndagen) eller rusle seg ein tur i nærområdet.

Vi syng nokre barnesongar før søndagsskuleleiaren inviterer eit av borna fram for å sjå kva som er i skattekista. Her vert det avslørt (kanskje) kva borna skal få høyre og oppleve under samlinga. Barnesamlingane er fellesskap, bibelforteljingar og oppdrag - for alle sansar.

**Datoane i april og mai er 18. april, 9. mai og 23. mai.**

## Tweens

Denne våren startar vi med eit opplegg for Tweens (9-12år) på barnesamlingane. Det er eit eige opplegg som heiter Aldri Alene og er utvikla i eit samarbeid mellom Acta, Søndagskolen Norge, NLM Ung, Blå Kors og NLA Høyskolen. I samband med oppstart av dette oppmodar vi alle i denne alderen til å komme å vere med på eit kult opplegg med animasjonsfilmar, quiz, samtalar, emojis, songar og mykje meir.



## Skapingsdagane 2021

**22.-24. juni skjer det!**

**I år skal det bli skaping på ny, under årets Skapingsdagar!**

Vi tilbyr eit tilrettelagt tilbod, der smitteregime er tatt høgde for. Når vi planlegg dette, veit vi jo ikkje heilt kor strengt det er i samfunnet i juni.

Barna får tilbod om ein pakke, der ein får 2 kurs, som gjentar seg dei to første dagane: for eksempel: maling og trommer/trommer og maling. Det blir då ekstra viktig at ein er klar over det, ved påmelding.

Dagen vil starte kl. 09, men i år avsluttar vi 14.30.

Siste dagen, håper vi å få til ei avslutningsgudsteneste, der, kanskje, ein forelder få oppleve barnas skaping. Dette er jo faktorar som vi må justere etterkvart som våren og regler endrar seg.

### Det som ikkje er forandra:

- Skjer i Tunet; Kyrkje og Kultursenter (på Øyro)
- og 2. klassingar blir invitert.
- Alle døypte og tilhøyrande til Os kyrkje får invitasjon tilsendt i posten.

**VIKTIG:** invitasjon blir sendt ut i april.

OBS. berre 48 plasser dette året - altså: hiv deg og dine rundt, om de vil vera med. Har de spørsmål ta kontakt med oss på kyrkjekontoret:

**Hege Varhaug-Lekven**

hv229@kyrkja.no 56572415



## WANTED

Dette er i administrativ teneste. Du møter opp og gjer pakkinga på kyrkjekontoret. Det er 4 gonger i året, og oppgåva tek ca 2- 3 timer pr. gang. Ta gjerne kontakt om du lurar på noko eller kan tenke deg denne frivillige oppgåva.

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)  
[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)

Carol og Irene ordna med sendingar til 1- og 2- åringer døypte i Os i mange år.

# God morgon, gutar!

Det er den litt for vaken kyrkjelegemedarbeidaren som kvittrar avvarde etter ei herleg natt i sovepose i hengekøya ute i Ervikane.



Været har vert så som så. Det var til tider kaldt og litt vind men sumsumarum så har hengekøya hengt temmeleg i ro og søvnen vert upåklageleg.

**Ja, no er vi snart ferdig med konfirmantundervisninga, kva synest dokke? Har det gått greitt eller?**

Samstemt frå Lars Emil og Eivind – Ja.

**Er det noko dokke hugsar spesielt frå konfirmantundervisninga?** Lars Emil- nei Eivind- ikkje eigentleg..

**Den utskremte medarbeidaren frå kyrkja gjev seg ikkje så lett. Vi har vert på overnattings tur, er det noko dokke kjem til å hugse ei stund?**

Lars Emil - Ja, fordi vi er berre tre igjen som overnatta.

Eivind - Oss to og ein til (Tobias Emil) som er igjen. Dei andre stakk jo.. pluss vaksne. Då kjem vi sikkert til å hugse det at vi var flinke seier Lars Emil.

Desse tre gutane har deltatt i konfirmantundervisninga og har i denne tida vert med på ei aktivitetsgruppe som heiter turgruppe. I denne gruppa har det gjennom undervisningsåret vert 20 konfirmantar. Gruppa har vert på Knutabruo, brent bål, gruppa har samlast for å lære seg kart og kompass, pakke sekk, ein ake kveld på Moberg og samlast for å planlegge tur. I tillegg til det har gruppa møtt til andre obligatoriske aktivitetar som Kick Off, Lysmesse og Pulshelg. Medarbeidaren veit alt detta og ynskjer å få ungdomane i tale. Klokka er 07:43 søndags morgon. Kanskje det har prega intervjuet litt.

**Andre ting dokke har gjort?**

Lars Emil- Pakke sekk. Den eine gangen lærte vi å pakke sekk. Sjølv om vi gløyndde alt det når vi skulle hit.. Sekken var berre eit kaos når vi kom hit.

**Har dokke sove i natt eller??**

Eivind- nei ikkje eigentleg

Lars Emil – Litt...

**Kva var grunnen? For mørkt for lyst, frysing eller?**

Eivind- mest det at eg ikkje klarte å sove der.

**Låg du i nedoverbakke kanskje?**

Seier medarbeidaren i eit håp om å få den gode historia.

Eivind- Låg på ein hump som stakk opp i sida av ribbeina. Hadde to stillingar som eg kunne ligge på. Det var same stilling men berre på andre sida. Og det stakk uansett kva side eg låg på. Vanskeleg å bytte mellom stillingar og vanskeleg å finne komfortabel stilling.

Lars Emil- Eg vakna jo kl. 0500, skjekka klokka fordi luka på teltet var open. Så var eg kald og så måtte eg bort og lukke den. Etter det kom eg ikkje skikkeleg inn i soveposen igjen. Så fekk eg ikkje lukka soveposen skikkeleg igjen. Det gjekk bra til slutt for då kom eg meg skikkeleg nedi og fekk lukka den likevel, men då var eg våken...

Oppfølgingsspørsmålet kjem fort frå medarbeidaren. **Dokke skulle jo sove til kjempelenge?! Kva skjedde der?**

Eivind- Ja altså til vanleg ville eg ha sove til 12.00. Men det er ikkje så enkelt å sove til

12 når en berre søv en time om gangen.

Lars Emil- Når vi var på den Skorpo og på veg opp til den bowlinghallen det er då eg pleie å sitte å ete frukost.

Medarbeidaren: **Vi begynne rett og slett fortidleg vi då??** Eivind svarar raskt: Eg hadde fortsett vert i seng då...

Gruppa hadde oppmøte i Lønningsvågen kl. 09.00 laurdag og vart skyssa over til Skorpo for ein lang dag i regn ute. Ungdomane hadde sjølv bestemt menyen og det var alt frå heimelaga niste til sjølvstekte pannekaker på primus. Gruppa hadde fått avtale med Stiftelsen av Musikk og Kjeglehallen til Fritjof Sundt om å få eit lite foredrag og få spele kjeglespelet.

Det sto også eit biljard bord der som ein kunne spele med. Konfirmantane var der inne i to timar og storkoste seg med aktivitetane. Det var ingen som hadde spelt kjeglespelet før men dei fleste synest det var veldig likt bowling. Etter dette lagde vi oss middag på primus nede i naustet til Bergen og Omland friluftsråd (BoF). Det var mange som prøvde fiskelukka, men det var ingen som fekk noko nemneverdig. I femtida vart vi henta tilbake til Nordstrøno og vi tente leirbål i Ervikane. Dei fleste vart henta på parkeringsplassen kl. 21.00.

Då hadde alle vert ute i 12 timar, i tillegg hadde vi desse tre hardhausane som overnatta ute ei natt i mars.

**Takk for ein fin tur!**

**Sylvi Lundgren**

KYRKJELYDSARBEIDAR  
BARNE- OG FAMILIEARBEID



# Årets konfirmantar

Oversikt over konfirmantar i Os kyrkjelyd 2021.

## Nore Nest kyrkje

Laurdag 1. mai

Elina Bertelsen  
Emil Brandseth  
Konstane Røttingen Seim  
Leah Johannessen  
Leander Myrdal  
Malin Løvaas Gjelseng  
Petter Dale  
Serina Michelsen  
Tirill Sandvik  
Tobias Emil Sletten Ekse  
Tonje Ure Skjønberg  
Vilde Kristine Fagerthun Skåtøy

## Os kyrkje

Søndag 2. mai

Adrian Sævdal  
Adrian Aase Andersen  
Alida Jacobsen Lyssand  
Aron Alexander Tro Stene  
Clara Bjarnedatter Vangsnes  
Emil Arentzen Breivik  
Filip Nøklund  
Fredrik Johnsen Berge  
Gard Thunold-Hjelle  
Georg Lyssand  
Hanna Bakke Slåttsveen  
Jonas Garvik Gram-Knutsen  
Jonas Hjertholm Rotnes  
Magnus Kallestadbakken  
Magnus Oltedal Lunde  
Malene Willgohs Ramsvik  
Maria Aase Andersen  
Mathilde Lyssand  
Ola Skjerven  
Oskar Konoplia  
Peter Sørås Bjørnevik  
Sebastian Glaser  
Smilte Bagdonaite  
Stian Bøe  
Stian Sandmoe Lyssand

## Os kyrkje

Laurdag 8. mai

Alina Linde Hatlelid  
Amalie Aunet Frekhaug  
Amanda Lunde  
August Sørås Hjelle  
Christopher Hope Nilsen  
Dorthea Rusås  
Elisa Nordvik  
Elvira Therese Berge Moberg  
Emil Johnsen Hanevik  
Hedda Hauahei Moberg  
Henrik Johan Ognedal Berge  
Isabell Linea Førsumd  
Joan Heggland  
Kaia Kolskogen  
Lasse Amundsen Forstrønen  
Luca Skåla Wold  
Lucas Alexander Larsson  
Magnus Klever Mjånes  
Marius Ottesen Hustad  
Markus Eskeland  
Morten Andersen Skarvatun  
Noah Håkonsund Milazzo  
Oliver Vik  
Patrik Guttormsen Wiers  
Simen Tømmernes Klakegg  
Sindre Derit Haarstad  
Thea Isabella Walle  
Victor-Emil Eide Mykkeltvedt  
Victor Bagger Aarvik







## Nore Neset kyrkje

Laurdag 9. mai

Annicka Lyssand Skaathun  
Eivind Vevatne  
Emil Grindevoll Fogge  
Filip Fjellberg  
Joakim Lunde Haga  
Lucas Christian Lunde  
Mailin Kalberg Glover  
Mikkel Sælen Vonli  
Nicolai Holdhus  
Oskar Haugsgjerd

## Os kyrkje

Laurdag 4. september

Alise Nekkøy Solstad  
Amalie Berge Fjelltveit  
Andreas Lyssand Aasen  
Anne Linn Øye  
Benjamin Johansen Engevik  
Christian David Haugland  
Elias Hufthammer  
Elise Berge Laastad  
Emil Stølsbotn Kongshavn  
Emma Ringeling  
Gustav Riis Gulbrandsøy  
Hedda Krukhaug  
Helene Gjertinsen Klett  
Hermine Mo Monsen  
Iben Dahl  
Ina Marie Gjerde Aadland  
Ingeborg Lund Larsen  
Ingrid Roksvåg  
Ingrid Constanse Johansson Rogne  
Jonas Boge Andersen  
Jonathan Heggeland Lien  
Jonathan Walden Michelsen  
Josefin Elianna Antonsson  
Karoline Olsen  
Kristoffer Nødland  
Lars Arne Mo  
Leona Rangset  
Linnea Hovland Haugland  
Louise Malene Rød  
Malene Stabben Solesvik  
Margit Stamnes Bjaadal

Mari Askvik Brattetveit  
Maria Øvrebø Lillefosse  
Marie Mitsen Samdal  
Mariell Askvik Midtbø  
Martin Heggland  
Mathilde Halhjem Edvardsen  
Mina Næss Solskjær  
Noah Langhelle Troøyen  
Norah Vernøy Hansen  
Olav Breivik  
Ole Morten Waage  
Pernille Eskedal Fimreite  
Philip Brattebø  
Preben Bøe Hagen  
Psyner Qurt Intong Valdez  
Ronja Ellinor Fosse Rasmussen  
Sanna Dyngeland Ognøy  
Sara Gading Årdal  
Sivert Nyhus  
Sondre Joakim Antonsson  
Sondre Røsten Herseth  
Thea Ask Bergheim  
Thea Elise Røsten Herseth  
Theodor Johansen Orrebakken  
Thomas Espevik Kallestad  
Tobias Austevoll Lyssand  
Torje Hernes Leonsen  
Tuva Røen  
Vetle August Kuven Johnsen  
William Alexander Eide-Torp  
Ylva Hevrøy Hagenes

## Os kyrkje

Søndag 5. september

Andrea Eriksen Jensen  
Emil Andersland Hjørnevik  
Erica Lama Skaar  
Frida Velsvik Austgulen  
Jakob Gausvik Tvedt  
Kristina Lund  
Lars Emil Bjørndal Moberg  
Linnea Sælen  
Nikolai Hovden Flaterås  
Sarah Folgerø Nesbjørg  
Sondre Førde Valle

## Nore neset kyrkje

Søndag 5. september

Alexander Riis  
Amine Sophie Hope Rasmussen  
Chrisander Dale Larsen  
Emil Nøkland  
Eskil Forstrønen  
Helena Hagen Røttingen  
Helle Liavåg Svenningsen  
Henrik Haldorsen Bakke  
Isak Sommer Svellingen  
Johan Kristan Storebø  
Jonas Jordalen  
Jonas Andre Ravnskog Hammersland  
Jørgen Lerch Dahl  
Liv Signy Gonzales Pettersen  
Magnus Spangelo Haga  
Malin Særvold Halvorsen  
Mats Christian Særvold Halvorsen  
Stian Fredrik Mathisen  
Sunniva Morfjord Valen  
Tone Hofmeester Rogne  
Tuva Hesthamar



# Tre med tankar om å vere ungdom i Os kyrkje



Are

Foto: Martin Bakke Slåttsveen



Anna

Foto: Martin Bakke Slåttsveen



Martin

Foto: Lykke Lekven

## Mediegruppa i Os sokn

- Fellesskapet der video/film, lys og lyd står i fokus!
- Nyoppretta hausten 2020
- Ressursgruppe
- Folk med ulike ferdigheiter innafør media; video/film, lys og lyd.
- Kursing, opplæring og inspirasjonskvelder innafør media og produksjon.
- Bistand til kyrkjelyden med video/film, lyd, lys, - og på sikt også streaming.

Gruppa er open for ungdom og vaksne. Kurskveldar vert annonsert på [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) og facebookside: Os kyrkje.



**Arthur Håkon Botnevik**  
Leiar av Mediegruppa  
[mediegruppa.os@gmail.com](mailto:mediegruppa.os@gmail.com)

Som ungdomsarbeidar utfordra eg tre av dei som er med og arrangere aktivitetar for ungdom i kyrkja vår, å komme med nokre tankar rundt dette å vere ungdom i Os kyrkje.

Her er det dei skreiv:

Pandemien har påverka mange i stor grad. Ungdomslivet i kyrkjetunet har fått kjenne på dette. Nedstenging har vore av og på. Avstand og tal har stadig vekk blitt regulert. Vi har måtte avlyse arrangement og laga nye spontane arrangement på kort varsel i «smutthull» mellom dei nasjonale restriksjonane.

Desinfisering og vasking har blitt rutinar vi leiarar kan inn og ut samt skiving av deltakarlistar, av og på med kohortar. Det har med andre ord vore ein mykje meir krevjande start på året enn vi hadde sett for oss. Men oppi alt dette har vi funne mykje glede gjennom dei samlingane vi har hatt.

### Are Botnevik (18)

Kvar fredag har vi fått lov å ha KRIK trening i gymsalen på Os Barneskule. Det har vore veldig kjekt og gjevande for meg. Å møte ansikt som ein ikkje ser kvar dag har vore viktig for å halde motet oppe i denne tida. Slik har det også vore i kyrkjetunet på "happeningane" vi har hatt. I Tunet er det eit yrande og godt fellesskap og det er alltid nokon å snakka med.

### Anna

Før jul bestemte vi i ungdomsstyret at vi hadde lyst til å flytte ungdomsrommet opp på undervisningsrommet. Det er nemlig større og vi hadde mulighet til å bruke gangen og lagerrommet også hvis vi følte for det. Då vi fekk godkjenning av soknerådet, sette mange av oss ungdommar i gang med dugnad. Fleire møblar skulle flyttast opp og «Gjenbruken» fekk god inntekt frå oss då vi tok med oss nesten halve butikken. Til jul stod ungdomsrommet så godt som ferdig og pynta, med fin julepynt. Etter dette har det nye ungdomsrommet blitt godt brukt, så godt det har latt seg gjere, av ungdommar på happening. Vi synes det er blitt eit utruleg fint rom og gler oss kvar gong vi skal være der.

### Martin Bakke Slåttsveen (17)

Kvar onsdag har vi hatt JoinUs i Tunet. Dette har vært høydepunktet for mange i veka, blant andre, meg. Her får ein kome å drive med det ein har lyst til, om det er teknikk, song, dans eller drama. Det er viktig at ein har ein plass å komme der ein kan gjere det ein er interessert i, kanskje spesielt no i pandemien. Møte folk med same interesse og ha nokon å snakke med i eit godt fellesskap.

Are, Anna og Martin er alle viktige leiarar i vårt ungdomsarbeid, og som me set stor pris på å ha med oss på laget.

**Lars Joar Hilleren**

UNGDOMSARBEIDAR



## Salm 333

**No kallar sol  
og sommarvind**

No kallar sol og sommarvind.  
Vårt liv spring ut, vår dag er lang.  
No lokkar hav og doggvåt skog,  
og fjerne hjarteklokkers klang.  
Far ut! Far ut! Kjenn himlens regn  
og skjelv i nattevindens sus.  
La auga gå mot ukjend verd,  
og styr ditt steg mot ukjent hus.

No lyser blom, no svingar strå,  
og dropar heng i morgonvind.  
Ein frøsverm svirrar mot det blå,  
og fuglar flyg i himlen inn.  
Legg ut, legg ut, du svoltne sjel,  
og berg din draum i sorg og lyst.  
Finn får i fjell mot høgste tind  
og styr din stamn mot siste kyst.

Så herleg er den grøne jord  
med store fjell og vide hav,  
Så enkle er dei lovnadsord  
som ber oss over død og grav.  
Kom heim, kom heim, du barn som rak  
så vide om, før sol gjekk ned!  
Kom heim, og kjenn den milde smak  
av nådens sol, av himlens fred.

Så nær oss er den kjærleikshand  
som styrer fjerne klotars gang,  
Som rører oss i framandt land  
og tar oss heim til moders fang.  
Kom heim, kom heim til faders hus!  
Var synda stor, er nåden stor!  
Og himlens glede blir eit brus  
av tusen venger over jord.

Edward Hoem lét denne salmen starte som ein herleg sommarsong, men så diktar han inn forteljinga om den bortkomne sonen. Då blir det ein song om å møtast av kjærleikshanda. Både tekst og melodi vart skive i løpet av 4-5 dagar. Den fyrste framføringa var i 2002 i Ål i Hallingdal.



**Andrew Paul Holman**  
KANTOR

# Sokneprestens hjørne

«Korleis går det?» Eller som eg sa i mi fortid som nynorskhatar: «Kvissleis gjeng det?» Vi spør ofte om korleis den andre har det når vi møter folk vi kjenner. Det er nesten blitt ein del av helsinga, slik det er i England. I Barrow-in-Furness t.d blir ikkje eingong spørsmålet skilt frå heiet. «Hiyayouallrigh'» kommer så fort ut av munnen at du lurar på det var ei helsing eller eit nys.

Korleis går det, spør vi. Men kva ventar vi av svar? Nyleg såg eg NRK serien Rådebank, ein serie som i mine auge vandra mellom å vera dørgande kjedeleig og strålende interessant. Det mest interessante med serien er at den utforskar nettopp korleis vi reagerer på spørsmålet om korleis vi har det. Korleis reagerer vi på sorg? Korleis reagerer vi på tungsinn? Kva mekanismar set i gang i oss når vi latar som alt er greitt?

Og korleis reagerer vi når vi blir brydd med at folk er ærlege om korleis dei har det? Eg trur at vi ofte kan mangla språk for både det eine og det andre. Både det å snakka om korleis ting er, og det å ta imot. Har kyrkja noko språk for det?

I historia om den blinde Bartimeus (Mark 10,46-52) finn eit døme. Som blind hadde ikkje Bartimeus noko å bidra med i samfunnet, og alt han kunne gjere for å livnære seg var å tigga. Bartimeus hadde neppe det lettaste livet. Men når han får høyra at Jesus kjem forbi ropar han det han maktar «Jesus, du Davids Son, miskunna deg over meg!» Det er dette ropet som har funne vegen inni gudstenesta vår når vi syng Kyrie Eleison (Eleison= Gresk for miskunna

deg). Det er blitt kyrkjas grunnrop. Ei bøn om å bli høyrte og sett. Ei bøn om at Gud er til stades hos oss i alle tider. Men enda viktigare er Jesus sin reaksjon på ropet til Bartimeus. Han reagerer ganske enkelt med eit spørsmål: «Kva vil du eg skal gjera for deg?»

Er ikkje nettopp det spørsmålet noko vi av og til treng å høyre? At spørsmålet om korleis vi har det ikkje berre blir ein del av ei helsing, men at nokon stoppar opp for å lytta, for å sjå? For å vera til stades hos oss? Jesus gav læresveinane eit nytt bod: «De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk skal de elska kvarandre» (Joh 13,34) Er det noko det siste året har minna oss på, er det kor viktig det er å vera til stades for kvarandre.

Når vi har det tungt er det ingenting som er betre enn å få høyra orda «Kva vil du eg skal gjera for deg?». Det er og gudsteneste.



**Roar Hallesby Evjedal**  
SOKNEPREST



Støtt våre annonsører

**NMS GJENBRUK OS****MILJØ, MØTEPLASS & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"

Sag og høvleri

**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER**GRAVMINNER**

Løvaas  
Naturstein

Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)**TRAVELNET**REISEGARANTI  
RGF  
FONDET**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)**Elektro-Design AS**

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:**Mob. 91129784**Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**GRAVMINNER**Stor salgsutstilling av  
nye monumenter  
Tilføyelser / Oppussing

EIKNER

1968  
100år  
2008**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
TLF. 55 98 70 00**Os Gravferdsbyrå as****Døgntelefon**  
**56 57 49 50**Jorunn Moberg  
Agnethe ØvreideVi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.**[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)**



Daniel Røksund  
938 26 432



Alexander Olsen  
473 80 260

# Vi kjenner Os

---

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt kontor i Os sentrum



Ring oss  
915 05560



Kontakt oss på  
[emvest.no](mailto:emvest.no)

Kom innom  
kontoret vårt  
i Os sentrum.



EiendomsmeglerVest

# Oselvar vert pussa opp!

Oselvarlaget har sagt ja til å pusse opp den gamle prestegardsbåten. Kyrkjebladet vil gjerne presentere for lesarane denne båten som er hovudpremie i lotteri til inntekt for Tunet kyrkje- og kultursenter.

Tekst og foto: Gerhard Hansen

Underteikna tok derfor turen innom oselvarnaustet tysdag etter påske og møtte ein engasjert gjeng erfarne oselvarentusiastar. I dag vart båten pussa utvendig, og nokre skader skal utbetrast og så skal båten oljast og stellast med slik at den blir flott.

**Vert båten god som ny? vi spør leiar av Oselvarlaget Egil Rundhovde.**

Egil smiler; - nei, den vert ikkje som ny, men den vert like god som ein godt halden båt.

**Kor gamal er båten?**

Det er vanskeleg å seie nøyaktig, men ut frå byggjemåte og m.a. kva type

naglar som er brukt, vil eg tru den er frå 1950-talet, - kanskje tidleg på 1960-talet.

**Det vil altså seie at båten truleg 60-70 år gamal?**

Ja, og den kan nok halde i mange ti-år enno med godt stell og vedlikehald.

**Er det mykje arbeid som gjenstår?**

Den skal pussast ferdig og så er det nokre mindre skader vi skal utbetre og den skal ha nytt kjølbånd. Så skal den oljast og ha litt måling på tofter og tiljer. Vi vert venteleg ferdig i løpet av april.

Og då kan vi få vist båten fram; vi gler oss!!

**Lotteriet vil bli annonser på vår heimeside og facebookside. Følg med!**

www.kyrkja.no/os  
facebook: Os kyrkje

**Slik deltar du**

VIPPS kr 200 pr lodd til 667789 (Os kyrkjelyd Båtlotteri) og du vil få tilsendt så mange lodd du ønskjer. Kjøper du 5 lodd samstundes, får du eit bonuslodd og aukar vinnarsjansen. Trekking 1. juli 2021. Vinnarane vert kontakta.



Utvendig puss. Heile båten vert pussa og kvart bord vert saumfart for å finne feil og skader som treng utbetring. Nokre av oselvarentusiastane rundt båten - Frå venstre: Per Rød, Gunnar Furnes, Egil Rundhovde, Torgeir Skutlaberg, Oddvar Løberg, Johan Helland og Torleiv Gundesø.



## Gudstenester

På grunn av stadige endringar i smitteverns-reglane, som gjer at vi må endre og avlyse gudstenester, har vi valt å ikkje publisere dei planlagde gudstenestene vidare utover våren og sommaren.

Følg med på vår nettside [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) og i Os og Fusaposten for når og kvar det er gudsteneste.

**OS HAGESERVICE**   
alt innen hage

**Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)



**KVALITET!**

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**  
Tlf. 56 30 44 90

  
www.jernia.no





## DØYPTE

**31. januar**

Elias Lindborg Carlsen  
Thea Olsen Gjerde  
Sunniva Kvamme Norstad

**6. februar**

Ellen Benedikte Frønsdal

**7. februar**

Ingvild Lund Bøyum  
Robin Wagstaff Waage

**14. februar**

Milly Laupsa-Askvik

**21. februar**

Selma Lekve Alfarnes  
Adrian Dregelid Døsen  
Sara Tveiten Scheie

**28. februar**

Ingeborg Oline Hage Rød

**7. mars**

Sigurd Svedal Rio  
Albert Haugland Schwarz

**14. mars**

Alva Rotnes

**21. mars**

Oskar Bøe Haldorsen  
Tiril Johnsen Nordstrønen  
Live Hjertnes Røttingen

**28. mars**

Nora Linea Kremener

**11. april**

Nora Kaastad Klakegg  
Oskar Konoplia

## VIGDE

**Oseana 26. Februar**

Trond Erik Nilsen &  
Bente Lilleås Herland

**Os kyrkje 13. mars**

Elisabeth Sundøy Haldorsen  
& Eivind Furu Høydal

**Os kyrkje 21. mars**

Camilla Bøe &  
Per-Halvar Haldorsen

## DØDE

**Inger Kvamme**

f. 23.01.1944 - d. 22.01.2021

**Kristoffer Irgens Moberg**

f. 16.07.1940 - d. 04.02.2021

**Malvin Elias Aspevik**

f. 13.04.1932 - d. 19.03.2021

**Johannes Fosse**

f. 17.07.1930 - d. 24.01.2021

**Terje Johan Bakke**

f. 25.05.1949 - d. 18.02.2021

**Kjell Lindborg**

f. 22.03.1931 - d. 22.03.2021

**Einar Gjertinsen**

f. 04.10.1946 - d. 24.01.2021

**Aud Margit Tveit Haugland**

f. 15.01.1932 - d. 18.02.2021

**Kari Reistad**

f. 18.05.1955 - d. 22.03.2021

**Margit Fredriksen**

f. 22.07.1938 - d. 26.01.2021

**Magne Skogen**

f. 09.03.1936 - d. 19.02.2021

**Helga Natås**

f. 16.05.1941 - d. 26.03.2021

**Signe Inger Wold**

f. 26.07.1945 - d. 01.02.2021

**Colette Synnøve Heilund**

f. 19.01.1933 - d. 25.02.2021

**Jan Alf Myrstad**

f. 15.02.1957 - d. 29.03.2021

**Gudrun Eiken**

f. 25.10.1930 - d. 26.02.2021

# OS Kyrkjelyd

**TILSETTE:****SOKNEPREST:**

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

**PROSTIPREST**

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

**KAPELLAN VIKAR**

Anette-Emilie Gangstø, at826@kirken.no  
tlf. 56 57 24 05, mob: 45 28 02 78

**KYRKJEVERJE:**

Kristine Fjeld, kf253@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

**ASSISTERANDE KYRKJEVERJE:**

Harald Geir Sæther, hs995@kyrkja.no  
tlf. 56 58 01 80

**DAGLEG LEIAR:**

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 20.

**KONSULENTAR:**

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

**UNGDOMSARBEIDAR:**

Lars Joar Hilleren,  
lh798@kyrkja.no, tlf 56 57 24 17/mob. 476  
56 541

**KATEKET:**

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

**DIAKON:**

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

**KANTOR/ORGANIST:**

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

**FRIVILLIGKOORDINATOR:**

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

**BARNE- OG FAMILIEARBEID:**

Sylvi Lundgren, sl828@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 97615652

**KYRKJELYDSARBEIDAR:**

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

**DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:**

Driftsleiar Kenneth Molland (mob: 917 49  
190), Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar  
Midtsæter, Linn Kjerstin Østgulen og Terje Rød.

## Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 25. desember 2020:

Dato	Takkoffer til	Beløp
25.12.2020	Det Norske Misjonsselskap	5 715,-
01.01.2021	Tunet	542,-
31.01.2021	Kirkens SOS	540,-
07.02.2021	Tunet	2 118,-
28.02.2021	Os KRIK	4 295,-

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os



# BARNAS SIDE

## Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet  
BARNAS til eit  
barn du er  
glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**.



## Vitsar

Klassa hadde  
matteprøve. Ei av  
oppgåvene var slik:  
«Eit hus har 5 etasjar.  
Kvar etasje har 20  
trappetrinn. Kor mange  
trappetrinn må du då gå for  
å kome til toppen?»  
– Enkelt, tenkte Ole, og  
skreiv: «Alle.»

– Korleis er den  
nye gitaren din?  
– Eg måtte kaste han.  
– Kvifor det?  
– Den hadde jo eit  
stort hol i  
midten!

Kva  
får du dersom du  
kryssar ein kalkulator  
med eit menneske?  
Svar: Ein ven du kan  
rekne med.

## Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus  
var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like.  
Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
(Teikning: Kari Sortland)

